



Høgskulen på Vestlandet

Pedagogikk og elevkunnskap 2b 5-10

LU2-PEL415

Predefinert informasjon

Startdato:	05-05-2017 09:00	Termin:	2017 06
Sluttdato:	19-05-2017 14:00	Vurderingsform:	Norsk 6-trinnskala (A-F)
Eksamensform:	Bacheloroppgave	Studiepoeng:	15
SIS-kode:	LU2-PEL415 1 B-1		
Intern sensor:	(Anonymisert)		

Deltakar

Namn: Signe Øuregård
Kandidatnr.: 32
HVL-id: 134433@hvl.no

Informasjon frå deltakar

Tal på ord *: 10461
Tru- og loverklæring *: Ja

Gruppe

Gruppenamn: Einmannsgruppe
Gruppenummer: 24
Andre medlemmer i gruppa: Deltakaren har levert inn i enkeltmannsgruppe

Eg godkjenar avtalen om tilgjengeleggjing av bacheloroppgåva mi *

Ja



**Høgskulen
på Vestlandet**

BACHELOROPPGÅVE

Korleis forstår elevar og lærarane deira innsats i kroppsøving?

Kva dimensjonar meiner elevar på 10. steg og lærarane deira er viktige når innsats skal vurderast?

Ei kvantitativ undersøking.

How does pupils and their teachers understand effort in Physical Education?

What elements does pupils in year 10 and their teachers think is important when assessing effort?

A quantitative study.

Pedagogikk og elevkunnskap 2b
LU2-PEL415

Høgskulen på Vestlandet, Stord, Grunnskulelærerutdanninga 5 - 10
19. mai 2017

10461 ord

Signe Øvregård

Rettleiar: Trond Egil Arnesen og Iselin Lone

Eg stadfestar at arbeida er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukte i arbeidet er oppgjeve, *jfr. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 10.*

BACHELOROPPGÅVE

Korleis forstår elevar og lærarane deira innsats i kroppsøving?

Kva dimensjonar meiner elevar på 10. steg og lærarane deira er viktige når innsats skal vurderast?

Ei kvantitativ undersøking.

Namn: Signe Øvregård

Studie: Grunnskulelærerutdanninga, 5 – 10

Innlevering: 19. mai 2017



Høgskulen
på Vestlandet

SAMANDRAG

Innsats i kroppsøving har lenge vore eit omdiskutert tema. Då kunnskapsløftet vart innført i 2006 skulle ikkje innsats lenger vera ein del av vurderingsgrunnlaget i kroppsøving. Etter mange reaksjonar kom Utdanningsdirektoratet i 2012 med ei revidering av læreplanen i kroppsøving, der innsats vart teke inn att som eitt av kriteria i vurderinga. Problemstillinga for denne studien er **Korleis forstår elevar og lærarar innsats i kroppsøving?** og **Kva dimensjonar meiner elevar på 10. steg og lærarane deira er viktige når innsats skal vurderast?**

Teorigrunnlaget for oppgåva tek utgangspunkt i forskrift til Opplæringslova og læreplanverket Kunnskapsløftet, og kva desse seier om innsats. I tillegg er rundskriv udir-8-2012 sin definisjon av innsats sentral i denne oppgåva. Metoden som er nytta er kvantitativ, i form av spørjeskjema. Utvalet består av 62 elevar på 10. trinn på ein skule på Vestlandet, og lærarane som underviser i kroppsøving på dette trinnet.

Resultata viser at dei tre dimensjonane elevane trur er viktigast er ”oppmøte”, ”ikkje gje opp sjølv om oppgåva kjennest uoppnåeleg” og ”gjer så godt ein kan”. Lærarane er samde om at ”holdning, positivt engasjement” er ein viktig innsatsdimensjon. Elles viser lærarresultata at dei ikkje har ei felles forståing av innsatsomgrepet. Eit interessant funn er at over $\frac{3}{4}$ av elevane trur innsatsen tel meir på kroppsøvingsskarakteren (mellom 41-100 %) enn det lærarane deira oppgjev (21-40 %). Alle klassane er relativt samde i si forståing av innsats, medan lærarane er meir splitta. Dette indikerer at lærarane har ei subjektiv oppfatning av kva innsats i kroppsøving er, medan elevane har ei forståing uavhengig av læraren sin.

Konklusjonen til denne studien er at den samla elevgruppa har ei felles innsatsforståing, og at denne til tider samsvarer lite med det lærarane deira rapporterer. Lærarane er delvis samde, og dei har forståingar som delvis følgjer rundskrivet, men som også til tider bryt både med rundskrivet og formuleringar i Opplæringslova (§ 3-3). For å minimera variasjonen i vurderingspraksisen kan lærarane med føremon ha ein felles gjennomgang av rundskriv udir-8-2012. Då klassane har ei innsatsforståing som er ulik det den respektive læraren har, syner dette at det læraren legg i innsatsomgrepet og –vurderinga kan kommuniserast tydelegare til elevane.

INNHALD

1 INNLEIING	4
1.1 Historia bak dagens innsatsomgrep	4
2 TEORI	6
2.1 Føresegner i høve til vurdering i kroppsøving	6
2.1.1 Forskrift til Opplæringslova	6
2.1.2 Kunnskapsløftet	7
2.2 Rettleiande dokument	9
2.2.1 Utdanningsdirektoratet sitt rundskriv udir-8-2012	9
2.2.2 Rettleiing til læreplan i kroppsøving	11
2.3 Tidlegare forskning	11
2.3.2 Kvifor skal innsats telja?	14
2.3.3 Rettferd	15
3 METODE	16
3.1 Kvantitativ metode	16
3.2 Utval	17
3.3 Utvikling av spørjeskjema	17
3.4 Gjennomføring	18
3.4.1 Statistiske analysar	18
3.4.2 Validitet	19
3.4.3 Reliabilitet	19
3.4.4 Etikk	20
4 RESULTAT OG DRØFTING	21
4.1 Resultat og drøfting generelle funn	21
4.1.2 Dimensjonane i ljøs av karakter	22
4.2 Resultat og drøfting lærarar	23
4.2 Resultat og drøfting klassevis	25
4.2.1 Klasse A	25
4.2.2 Klasse B	27
4.2.3 Klasse C	30
4.3 Resultat og drøfting elevar	32
4.4 Resultat og drøfting av dimensjonar som følgjer rundskriv 08-1-2012	33
4.5 Resultat og drøfting av dimensjonar som bryt med rundskriv udir-8-2012	35
5 OPPSUMMERING OG KONKLUSJON	37
KJELDER	39
VEDLEGG	42
Vedlegg 1: Informasjonsskriv til rektor	42
Vedlegg 2: Informasjonsskriv til føresette	43
Vedlegg 3: Infoskriv/samtykkeerklæring lærar	44
Vedlegg 4a: Spørjeskjema elevar	45
Vedlegg 4b: Spørjeskjema elevar med resultat	47
Vedlegg 4c: Spørjeskjema lærarar	49
Vedlegg 4d: Spørjeskjema lærarar med resultat	51

Vedlegg 5: Søylediagram alle elevane	53
Vedlegg 6: SPSS-utskrift deskriptiv elevar	55
Vedlegg 7a: Klasse a, SPSS-utskrift deskriptiv	57
Vedlegg 7b: Klasse a, SPSS-utskrift frekvens	59
Vedlegg 8a: Klasse b, SPSS-utskrift deskriptiv	61
Vedlegg 8b: Klasse b, SPSS-utskrift frekvens	63
Vedlegg 9a: Klasse c, SPSS-utskrift deskriptiv	65
Vedlegg 9b: Klasse c, SPSS-utskrift frekvens	67
Vedlegg 10a: T-test	69
Vedlegg 10b: SPSS-utskrift T-test	70
Vedlegg 11a: T-test	73
Vedlegg 11b: SPSS-utskrift T-test	74

1 INNLEIING

Denne oppgåva er skriven i samband med grunnskulelæruddanninga 5 – 10 ved Høgskulen på Vestlandet. Eg valde å knyta oppgåva opp mot kroppsøvingfaget, då eg snart er ferdig utdanna og ynskja å læra meir om vurdering i faget, og særleg om innsatsomgrepet. Det har vore uklårt kva som ligg i omgrepet, og kor mykje innsatsen skal telja ved vurdering, difor var det interessant å sjå nærare på dette. Det er gjort lite forskning på området, særleg frå elevperspektiv, og dette gjorde at eg landa på problemstillinga: **Korleis forstår elevar og lærarar innsats i kroppsøving?** og **Kva dimensjonar meiner elevar på 10. steg og lærarane deira er viktige når innsats skal vurderast?**

The National Research Council i USA peika i 2002 på at forskning i samband med utdanning skal vera styrt av tre spørsmål: ”Deskripsjon – Kva skjer? Årsak – Er det ein systematisk effekt? og Prosessen eller mekanismen – Kvifor eller korleis skjer dette?” (Creswell & Plano Clark, 2011). Mi problemstilling gjev ei deskriptiv kartleggingsoppgåve som undersøker korleis elevar og lærarane deira oppfatar innsatsdimensjonen i elevvurdering i kroppsøving.

For å setja innsats inn i ein kontekst starta eg med kva styringsdokumenta seier om innsats. Difor vart mitt teoretiske utgangspunkt forskrift til Opplæringslova, læreplanverket Kunnskapsløftet og rundskriv udir-8-2012 med definisjonen av innsats.

Eg vil leggja fram teori knytt til innsats og vurdering i kroppsøving, i form av styrande og rettleiande dokument, tidlegare forskning på området, argument for kvifor innsats bør telja i vurderinga, og eit kort avsnitt om rettferd. Vidare vil eg skriva om metode, grunna utvalet og presentera spørjeskjemaet. Deretter vert mine resultat og funn lagde fram og drøfta opp mot teorien.

1.1 Historia bak dagens innsatsomgrep

Innsats har tidlegare blitt sett på som ein sentral del av eigenarten til kroppsøvingfaget. I rettleiinga for vurdering i kroppsøvingfaget utgjeven av Eksamenssekretariatet i 1998 står det: ”Fagets egenart tilsier at aktiv deltakelse, det å gjenta øvelser og delta i forskjellige aktiviteter er viktig for eleven sely, men også for medelevenes utbytte av undervisningen” (sitert i Vad, 2016, s. 14). Innsats og samarbeid vart her trekt fram som viktige faktorar ved faget. Vidare sto det at lærarane skulle vurdere god innsats hjå elevar som ”sprer trivsel, er

innsatsvillige, oppmuntrende og samarbeidsvillige, bidrar til å skape et godt læringsmiljø og stimulerer den faglige prosessen i kroppsøving” (sitert i Vad, 2016, s. 14). Vurderinga var basert på ei tredelt vektning av innsats, kunnskap og dugleik, tilrådd frå Eksamenssekretariatet (Arnesen, Nilsen, & Leirhaug, 2013, s. 11).

Då Kunnskapsløftet vart innført medførte det ein ny vurderingspraksis i skulen. No var det eleven sin kompetanse som skulle vurderast, og ikkje eleven sine dugleikar, innsats og kunnskarar som tidlegare. Dette gjorde det utfordrande å vita korleis elevane skulle vurderast, og kva det innebar å vera god i kroppsøving (Leirhaug, 2013). Mange meinte at fjerninga av innsatsen ikkje samsvarte med faget sin eigenart (Arnesen et al., 2013; Vad, 2016, s. 15). Tilbakemeldingar tyda på at bruken av måling og testing auka, noko som ikkje var i tråd med føremålet med faget. Dette var grunna i at lærarar ville sikra seg dokumentasjon og progresjon i faget (Uldalen, 2016, s. 12). Etter mange reaksjonar lova kunnskapsministeren i 2010, Kristin Halvorsen, full gjennomgang av kroppsøvingsfaget (Arnesen et al., 2013, s. 11). I august 2012 kom det eit rundskriv frå Utdanningsdirektoratet med løysingsforsøk knytt til problemområda innsats og elevføresetnadar, og det er dette rundskrivet, saman med læreplanen og forskrift til Opplæringslova, som er gjeldande for kroppsøvingsundervisinga i skulen i dag. I dette rundskrivet kjem det tydeleg fram at innsats skal vera ein del av det faglege vurderingsgrunnlaget i kroppsøving. Men det må understrekast at ein ikkje er tilbake til tredelinga som Eksamenssekretariatet tilrådde. Karakteren skal framleis vera basert på måloppnåing i kompetansemåla, og innsatsen skal sjåast i samanheng med den samla måloppnåinga i faget (Vinje & Brattenborg, 2016, s. 39).

2 TEORI

Alt som vert presentert i dette kapitlet er knytt til innsats i kroppsøving, då dette er det sentrale omgrepet i mi oppgåve. Eg vil starta med å ta føre meg korleis innsats vert omtala i dei gjeldande føresegnene og i rettleiande skriv, Utdanningsdirektoratet sitt rundskriv udir-8-2012 og rettleiing til læreplan i kroppsøving frå 2015. Då problemstillinga mi handlar om innsats som vurderingskriterium, nemner eg også kva desse dokumenta seier om vurdering. Til slutt vil eg trekkja fram aktuell forskning på emnet innsats i kroppsøving.

2.1 Føresegner i høve til vurdering i kroppsøving

I dette kapitlet vil eg presentera føresegnene som omhandlar innsats og vurdering i kroppsøvingsfaget. Desse er forskrift til Opplæringslova og læreplanen i kroppsøving i Kunnskapsløftet. Ut ifrå problemstillinga mi er dette interessant i høve til lærarane si forståing av innsatsomgrepet, då dei er forplikta til å ha ein vurderingspraksis som følgjer føresegnene.

2.1.1 Forskrift til Opplæringslova

Innsats vert nemnt i grunnlaget for vurdering i fag, fastsett i forskrift til Opplæringslova (2006) § 3-3:

Grunnlaget for vurdering i fag er kompetansemåla i læreplanane for fag slik dei er fastsette i læreplanverket, jf. § 1-1 eller § 1-3. Føresetnadene til den enkelte, fråvær, eller forhold knytte til ordenen og åtferda til eleven, lærlingen, praksisbrevkandidaten eller lærekandidaten skal ikkje trekkjast inn i vurderinga i fag. I faget kroppsøving skal innsatsen til eleven vere ein del av grunnlaget for vurdering.

Formuleringa skil kroppsøving frå alle andre fag i grunnopplæringa når det gjeld vurdering. Det at eleven sin innsats skal vera ein del av vurderingsgrunnlaget i faget kroppsøving, kan tolkast som ei stadfesting av innsatsen sin faglege posisjon i kroppsøving (Leirhaug, 2016, s. 138).

§ 3-18 i forskrifta omhandlar standpunktkarakter, og seier at karakteren skal vera basert på eit breitt vurderingsgrunnlag, som samla viser kompetansen til eleven i faget. Det står også spesifisert at eleven skal vera kjend med kva som vert vektlagt i vurderinga (2006).

Uldalen (2016, s. 18-19) skriv at ei utfordring med innsats som del av vurderingsgrunnlaget er grensa mellom det Opplæringslova (2006) seier om karakter i orden og åtferd på den eine sida og innsats som del av fagvurderinga på den andre. § 3-5 tek føre seg grunnlaget for vurdering i orden og åtferd:

Grunnlaget for vurdering i orden er knytt til om eleven er førebudd til opplæringa, og korleis arbeidsvanane og arbeidsinnsatsen til eleven er. Det inneber mellom anna om eleven er punktleg, følgjer opp arbeid som skal gjerast, og har med nødvendig læremiddel og utstyr.

Grunnlaget for vurdering i åtferd er knytt til korleis eleven oppfører seg overfor medelevar, lærarar og andre tilsette i og utanfor opplæringa. Det inneber mellom anna om eleven viser omsyn og respekt for andre (2006).

Opplæringslova slår fast at arbeidsinnsatsen til elevane er knytt til karakteren orden og åtferd. I høve til kroppsøvingfaget er dette utfordrande, då innsatsen til elevane også skal vera med i fagvurderinga. Dette opnar for ulike tolkingar av kva som skal inn under fagvurderinga og kva som skal førast på orden og åtferd (Uldalen, 2016, s. 18-19).

2.1.2 Kunnskapsløftet

Læreplanen i kroppsøving er samansett av føremålet med faget og hovudområda med tilhøyrande kompetansemål etter fjerde, sjuande og tiande trinn for grunnskulen, og etter vg1, 2 og 3 for vidaregåande skule (Utdanningsdirektoratet, 2006). I føremålet med faget er hovudfokuset kroppsøvingfaget sin funksjon som allmenndannande fag. Mellom anna finn me at ”Kroppsøving er eit allmenndannande fag som skal inspirere til ein fysisk aktiv livsstil og livslang rørsleglede”. Vidare står det at faget skal medverka til at ”elevane opplever glede, meistring og inspirasjon ved å vere med i ulike aktivitetar og i aktivitet saman med andre”. Om innsats står det at ”elevane skal forstå kva eigen innsats har å seie for å oppnå mål og kva faktorar som påverkar motivasjon til aktivitet og trening.” Innsats er også nemnt i delen som omhandlar vurdering:

Opplæringa skal gje elevane eit utgangspunkt for livslang rørsleglede og meistring ut frå egne føresetnader. I den særlege vurderingsordninga som gjeld for dette faget, er dette ivareteke ved at innsatsen til elevane er ein del av grunnlaget for vurdering. I mange kompetansemål vil det òg vere relevant å ta omsyn til elevane sine føresetnadar i vurderinga (Utdanningsdirektoratet, 2006).

Retningslinjene for vurdering i kroppsøving i læreplanen (LK06) seier at etter 10. årssteget skal elevane ha ein standpunktkarakter. Dei generelle retningslinjene for vurdering er elles fastsette i forskrift til Opplæringslova (Utdanningsdirektoratet, 2006).

2.2 Rettleiande dokument

Her vil eg ta føre meg Utdanningsdirektoratet sitt rundskriv udir-8-2012, der læreplanen i kroppsøving vart revidert, og rettleiing til læreplan i kroppsøving frå 2015. Dokumenta syner Utdanningsdirektoratet sine intensjonar i kroppsøvingfaget, og er ikkje juridisk forpliktande å følgja. Dei er likevel aktuelle i høve til mi oppgåve, særleg rundskrivet, som inneheld ei presisering av kva innsats i kroppsøving er. Eit interessant aspekt er å sjå om lærarane si forståing av innsats samsvarer med rundskrivet sin definisjon. Vidare vil det vera interessant å sjå i kva grad læraren si forståing samsvarer med elevane si.

2.2.1 Utdanningsdirektoratet sitt rundskriv udir-8-2012

Utdanningsdirektoratet sitt rundskriv udir-8-2012 – ”Informasjon om endringer i faget kroppsøving i grunnskolen og videregående opplæring” gjer greie for kva dei legg i innsatsomgrepet:

Innsats i faget kroppsøving innebærer at eleven prøver å løse faglige utfordringer etter beste evne uten å gi opp, viser selvstendighet og utfordrer egen fysisk kapasitet. Det innebærer at eleven samarbeider med andre og bidrar til at andre lærer i faget. Det skal ha innvirkning på karakteren at eleven fortsetter å øve også når det ikke gir resultater i prestasjon eller ferdighetsutvikling. Det å være i bevegelse og bli kjent med seg selv gjennom kroppslig utfoldelse er en del av formålet med faget. Derfor blir arbeidsprosessen et vesentlig trekk ved kompetansen i kroppsøving. Tilsvarende når elevene samarbeider om oppgaver og aktiviteter i kroppsøving. Den enkelte elev er avhengig av at de andre elevene yter innsats og opptrer målrettet ut fra aktivitetens logikk for at den enkelte skal kunne utvikle kompetansen sin. Slik sett er det å yte innsats viktig i seg selv i mange aktiviteter, også der en ikke mestrer aktiviteten så godt. Ved å gjøre innsats til en del av grunnlaget for vurdering, i tråd med formålet med faget, kan elever ha mulighet til å oppnå en god karakter i faget til tross for lav kompetanse og med forutsetninger som gjør det vanskelig å ha høy måloppnåelse (Utdanningsdirektoratet, 2012).

Mange har etterlyst at disse eigenskapane bør vera ein del av vurderingsgrunnlaget. Men rundskrivet seier ikkje noko om korleis innsatsen skal trekkjast inn eller kor stor del av karakteren som skal setjast på grunnlag av innsats. Dette har blitt kritisert frå fleire hald, då

det skaper stor variasjon i vurderingspraksisen (Uldalen, 2016, s. 15). Dette vert opp til kvar einskild lærar og skule å løysa. Turøy (2012, s. 20-21) stiller spørsmål ved om dette er eit godt grunnlag for å førebyggja skilnadar frå skule til skule ved karaktersetjing. Bidreg Utdanningsdirektoratet til lik eller ulik vurdering? Og kvifor lagar ikkje Utdanningsdirektoratet meir konkrete retningslinjer?

Rundskrivet seier heller ikkje noko om kva ein god karakter er. By hevdar at det verkar å vera ei allmenn oppfatning at elevar gjennom god innsats kan oppnå karakteren 4, trass høvesvis låg motorisk dugleik (Vad, 2016, s. 16). I denne samanheng er det verdt å nemna rundskriv udir-1-2010, der det står at elevar med svakare føresetnadar som viser høg kompetanse i faget ut frå sin ståstad, skal kunna få ein god karakter. I samband med dette vert karakterane fem og seks nemnt. Dette handlar rett nok om føresetnadar, men Utdanningsdirektoratet skaper ei forståing av at ein god karakter er karakterane fem eller seks (Utdanningsdirektoratet, 2010).

Før eg presenterer kapittel 4.2 i rundskrivet, som omhandlar undervegs- og sluttvurdering i kroppsøving, vil eg forklara omgrepa *formativ* og *summativ vurdering*. Omgrepsparet vart skapt av Michael Schriener i 1967. Formativ vurdering er vurdering av alt som skjer undervegs i læringslaupet, også det som ikkje er tiltenkt. Denne vurderinga kan vera uformell, og skjer gjerne med tanke på rettleiing og korreksjon av retning. Formativ vurdering siktar mot vurdering av sjølv undervisinga, ikkje berre mot eleven sin kompetanse, og målet er vidare læring og fagleg progresjon. Summativ vurdering er vurdering av det eleven har lært når undervisinga vert avslutta. Denne vurderinga skal kontrollere om eleven har lært det dei etter intensjonane skal ha lært. Eit typisk døme på dette er eksamen (Imsen, 2009, s. 349-350). Då det ikkje er terminprøve eller eksamen i kroppsøving, er standpunktkarakteren grunna i eleven sine prestasjonar undervegs, altså i formativ vurdering.

Undervegs- og sluttvurdering er regulert i forskrift til Opplæringslova § 3-11 til 3-16, § 3-17 og § 3-18. § 3-11 seier mellom anna at undervegsvurdering skal brukast som ein reiskap i læreprosessen. Desse paragrafane har ikkje blitt endra, men rundskrivet minner om dei, då vurderingspraksisen i faget ikkje alltid har vore i tråd med forskrifta. Vidare tek rundskrivet føre seg høvet mellom undervegs- og sluttvurdering. All vurdering fram til standpunktkarakteren vert sett, er ein del av den formative vurderinga. Det vert også spesifisert at eleven sin kompetanse og innsats skal vera grunnlaget for vurderinga.

Rundskrivet poengterer at det må jobbast systematisk med den formative vurderinga under opplæringslaupet for å få ein god samanheng mellom den formative og den summative vurderinga. Difor må læraren tenkja på sluttvurderinga allereie i starten av opplæringa. Læraren må ha tydelege kjenneteikn på kompetansen og innsatsen som gjev dei ulike karakterane, og kva som vert vurdert ved slutten av opplæringa. God formativ vurdering handlar om at lærar og elev nyttar informasjonen dei får gjennom tilbakemeldingar og vurdering til betre læring (Utdanningsdirektoratet, 2012). Ein føresetnad for at formativ vurdering skal fungera er at lærar og elev har ei felles forståing av kva kompetansemåla inneber av praktisk aktivitet og kva som vert vektlagt i undervisinga. Difor er det viktig at kroppsøvlingslærarar konkretiserer kompetansemåla til eit innhald det er mogeleg å vurdere ut ifrå, og at kriteria er tilgjengelege for elevane (Brattenborg & Engebretsen, 2013, s. 199).

Vidare i oppgåva vil innsatsomgrepet vera i tråd med forståinga frå rundskrivet.

2.2.2 Rettleiing til læreplan i kroppsøving

Utdanningsdirektoratet si rettleiing til læreplan i kroppsøving (2015) gjev tips og råd om korleis ein kan arbeida med læreplanen i kroppsøving. Under punkt 2 – ”fagets egenart”, står det at føremålet i læreplanen er bindeleddet mellom den generelle delen av læreplanen og kompetansemåla. Det er ein samanheng mellom det som står i føremålet og det som står i hovudområda og kompetansemåla. I samband med dette vert innsats nemnt: ”For å ivareta fagets egenart og hensikt må både kompetansemål for de ulike trinn og vektleggingen av innsats som en del av vurderingsgrunnlaget, arbeides med i lys av formålet med faget.”

Her vert det altså presisert at vektlegginga av innsats i vurderinga er viktig for å ivareta eigenarten til kroppsøvlingsfaget.

2.3 Tidlegare forskning

2.3.1 Innsatsomgrepet

I nynorskordboka er innsats definert som ”(sterk) yting, medverking, offer”. Men kva er innsats i kroppsøving? Vad (2016, s. 55) sine funn viste at det var stor semje blant lærarane

om at innsats inneber at elevar må delta, prøva, øva og visa engasjement for å bli betre. Det kom og fram at elevar må vera mentalt klar for timen, visa ei form for intensitet, vera deltakande i aktiviteten, sjølv om det er ukomfortabelt, lytta til tilbakemeldingar og nytta gjennomgått kunnskap. I tillegg må innsatsen vera innanfor dei sette retningslinjene. Det var semje om at innsats vil seia å vera med og ikkje gje seg.

Øyehaug (2016, s. 83) såg på innsatsomgrepet i elevperspektiv, og fekk omlag 20 ulike vinklingar på korleis ein gjer ein innsats i kroppsøving. Desse vart sortert i tre ulike tilnærmingar. Den fyrste var ei forståing av at samarbeid er ein del av det å gjera ein innsats, som å ikkje skuffa andre, hjelpa andre og gjera andre gode. Den andre tilnærminga var ei forståing av at innsats er å gjera det ein får beskjed om, visa positivitet og visa læraren kva ein kan. Dette er i hovudsak eit direkte samband mellom elev og lærar. Den tredje forståinga vart nemnd av alle elevane, og handlar om å arbeida med seg sjølv på ulike måtar. Døme er å jobba hardt og pressa seg, klara eit mål, bryta grenser, gjera så godt ein kan og villa meistra. Elevane oppfatta innsats som noko dei viser, og noko som bidreg til ein positiv energi. Samanfatta var elevane sine tankar rundt innsats retta mot å bidra, delta, samarbeida, vera strategiske og justera seg i høve til forventingar dei ser. I Øyehaug si undersøking kom lærarane sine omtalar av omgrepet under den fyrste og tredje forståinga av innsats. Desse handlar om å gjera ein innsats for andre og å gjera ein innsats for seg sjølv. Når lærarane snakka om innsats og kva dei såg etter, var tankane sterkt retta mot vurdering.

Schoder (2015, s. 61) fann at når lærarar snakkar om innsats, snakkar dei om noko som kjem i tillegg til dugleikar og kompetansemål. Innsats er noko elevane viser uavhengig av kor flinke dei er i høve til dugleikar.

At innsatsomgrepet er vanskeleg for lærarar å definera, indikerer at vurderingsgrunnlaget er uklårt. Dette stemmer også med tidligare forskning, der kroppsøvingfaget har blitt kritisert for å ha ein vurderingspraksis som ber preg av eit samla inntrykk og skjønn, med mangel på klare vurderingskriterium og manglande samsvar med den formelle læreplanen (Uldalen, 2016, s. 75). Schoder (2015, s. 48) fann at fleire lærarar understreka at dei meinte det er riktig at innsats skal trekkjast inn i vurderingsgrunnlaget, men at det samstundes gjer vurderingsarbeidet vanskelegare. Med innsats som del av vurderingsgrunnlag vert det vanskelegare å dokumentera karakterane og det fører til auka grad av subjektivitet i vurderinga. Nokre av lærarane problematiserte dette og ville ha ein fast regel for korleis

innsats skal vektast i høve til kompetansemåla. Etterlysinga av standardar eller strengare retningslinjer for vekting kan ein sjå som eit tiltak for å svekka subjektiviteten i vurderinga og dermed sikra ei meir reliabel vurdering, både lokalt og nasjonalt.

Ved undersøking av vurderingskriterium fann Vad (2016, s. 59) at konkrete kriterium som omhandla dugleikar og teknikkar vart lagde ut før ein periode/eit emne. Men vurderingskriteria som omhandla innsats kan det verka som elevane fekk avgrensa informasjon om. Innsats og tilhøyrande vurdering låg som eit bakteppe når dugleikar i dei ulike emna vart vurderte, og noko elevane sjølve måtte ha kontroll på. Det kan tyda på at elevane fekk formidla mykje om sjølve emnet, men lite om innsats, som inngår i alle emna. Frå tidlegare har det å delta, prøva og øva blitt tydeleg formidla til elevane, medan andre faktorar som å visa kunnskap, lytta til tilbakemeldingar og visa innsats ut frå sette retningslinjer er noko elevane får kunnskap om i mindre grad. Ein grunn til dette kan vera at læraren sjølv ikkje er klar over alle sidene ved innsats som vurderingskriterium. Når elevane manglar innsikt i korleis dei vert vurderte, gjev det læraren større spelrom og bruk av skjønn står sterkare. Årsaka til dette er at læraren si vurdering av eleven sin innsats vert gjort i etterkant av timen, utan at innsatskriteria er tydeleggjorde på førehand. Dette kan gje læraren større makt i vurderinga. Når innsats tel i alle emna inneber det at elevane er i ein konstant vurderingssituasjon. Då er det naudsynt for elevane å til ei kvar tid vurdere og disiplinere seg sjølv. Dersom lærarar ikkje definerer og tydeleggjer for seg sjølve, kva som skal liggja i omgrepet innsats, vil det vera nær umogeleg for elevane å vita kva dei vert vurderte etter. I Vad (2016, s. 57) sine observasjonar vart ikkje innsats nemnt for elevane anna enn som ei påminning om at dei måtte hugsa at det var ein del av vurderinga.

Desse funna vert støtta av Øyehaug (2016, s. 21), som skriv at når innsats skal vera ein del av vurderingsgrunnlaget, og det ikkje er fastsett nokon reglar for korleis innsats skal uttrykkjast eller vektast, vert det opp til læraren å vekta innsatsen ut frå eige fagleg skjønn. Hovudfunna hans er at lærarane baserer si vurdering av innsats mykje på skjønn, og på ei individuell tolking av forskrifta. Elevane får lite støtte frå lærarane til eigenvurdering undervegs, samstundes som dei vert vurderte etter om dei klarer å styra eigen innsats ut ifrå mål som er utydeleg kommuniserte, noko som stiller store krav til elevane. I vurdering av innsats såg respondentane til Øyehaug etter om elevane ytte sitt beste, uavhengig av føresetnadar eller kva elevane tykte om aktiviteten. Og dei såg særleg etter det som vart omtala som positiv/negativ haldning, ein energi som påverkar læringsmiljøet. Det var og ei forståing av at

innsats er ein sosial faktor som omhandlar å visa fair play og gjera andre gode. Ein la stor vekt på at elevane skal utvikla kompetansen sin, ved at kvar einskild elev utfordrar seg sjølv, set seg høgare mål, og oppnår desse.

Innsats er ein del av vurderinga og ligg som ein føresetnad i alle aktivitetane, men kor mykje vert innsatsen vektlagt? Som tidlegare nemnt, er det ikkje fastsett nokon sats frå

Utdanningsdirektoratet for kor mykje innsatsen skal vektast i høve til kompetansemåla.

Undersøkingar viser at ein utbreidd måte å vurdere innsats på er å observera i undervisinga og notera plussar og minusar undervegs eller i etterkant. Elevane vert i hovudsak vurderte ut ifrå dugleikar i høve til kompetansemåla, medan innsatsen, saman med fair play, er med på å vippe elevane opp eller ned i karakter (Lillehammer, 2016, s. 62; Schoder, 2015, s. 48). Fleire undersøkingar indikerer at det verkar å vera ei semje om at trass låg måloppnåing i høve til dugleikar, kan ein elev få karakteren fire om han/ho viser god innsats i timane (Lillehammer, 2016, s. 41; Næss & Aasland, 2013, s. 102; Schoder, 2015, s. 48). Elevar som er passive, har dårlege haldningar eller manglande innsats hamnar på karakteren tre eller to. For å få karakteren fem eller seks er det ikkje nok med berre god innsats og gode haldningar. For å oppnå toppkarakter må dugleikane vera over snittet, i tillegg til at eleven utøver god innsats og fair play (Schoder, 2015, s. 48). Samstundes som innsats er ein faktor som bergar deg frå å stryka om du manglar dugleikar, er det i motstykket ein føresetnad for å få toppkarakter (Lillehammer, 2016, s. 66).

2.3.2 Kvifor skal innsats telja?

Petter Erik Leirhaug (2013, s. 20) skriv i artikkelen ”Hvorfor innsats i kroppsøving?” at ein kan argumentera for at innsats fortener å vera i ei særstilling i kroppsøvingfaget, og nyttar til dette tre døme. I mange rørsleaktivitetar og spel er det viktig at utøvaren yt sitt beste medan aktiviteten føregår. Han trekkjer fram ein fotballspelar for å illustrere dette. I ein fotballkamp gjeld det å stå på heilt til kampen er over. Dersom spelarane ikkje nyttar kompetansen sin i kampen, hjelper det lite med gode dugleikar. Spelarane er også venta å yta like stor innsats i neste kamp, uavhengig av om det er forventa eit læringsutbyte. Vidare trekkjer Leirhaug fram at fysisk aktivitet er ein viktig del av folkehelsearbeidet. Sjølv om kroppsøvingfaget har eit timetal som er altfor lågt til å tilfredsstilla Helsedirektoratet sine tilrådingar om fysisk aktivitet, er det å yta innsats og vera i rørsle meiningsfullt i høve til føremålet med faget.

Sjølv om ein elev ikkje får forbetra verken dugleikane sine i, eller forståinga for ein aktivitet eller idrett, gjev det likevel meining i eit folkehelseperspektiv at eleven held fram med å springa og likar å vera med. Løp utan læring har altså ein verdi. I siste døme viser Leirhaug til samspel. I mange kroppsøvingsaktivitetar er ein avhengig av at alle elevane yter ein innsats og følgjer spelereglane for at kvar einskild elev skal ha ei kompetanseutvikling. Om motspelaren i tennis tullar og slår vekk ballen, vert treningssituasjonen håplaus. Ut ifrå dette vil det å yta målretta innsats vera avgjerande i mange aktivitetar, også der eleven ikkje meistrar aktiviteten. Kroppsøving skil seg frå andre fag ved at kroppen er den viktigaste reiskapen i faget, og ved at faget tek sikte på å skapa rørsleglede og leggja grunnlag for ein aktiv livsstil ut frå eigne føresetnadar. Når det å kunna delta i rørsleaktivitetar og bli kjent med seg sjølv gjennom kroppsleg utfolding er ein del av føremålet med faget, vert innsats undervegs i læringsarbeidet eit uttrykk for fagleg kompetanse. Skal dette takast på alvor, er det heilt naudsynt at det også vert verdsett ved vurdering og karaktersetjing, avsluttar Leirhaug.

2.3.3 Rettferd

Eit mønster som kjem fram er at svake elevar får meir utteljing for innsatsen enn sterke elevar. Dermed blir det urettferdig for elevar med høgare evner å la innsats telja i endelege karakterar. Innsats er vanskeleg å måla nøyaktig, då det er mange faktorar som spelar inn. Utteljninga av innsats vil difor vera avhengig av kva læraren vel å vektleggja i vurderinga. Dersom læraren vel å vektleggja progresjon inn i innsatsen vil det favorisera elevar med låg kompetanse, men om læraren vel å vektleggja meistring vil det favorisera elevar med høg kompetanse (Randall & Engelhard, 2010). Dette medfører at læraren har stor makt i vurderinga, og kva dimensjonar læraren vektlegg kan vera avgjerande for kva karakterar elevane får. Det er difor interessant i høve til mi problemstilling å samanlikna lærarane si rangering av dimensjonane, og vidare drøfta om vurderingspraksisen er lik eller ulik for elevane i dei forskjellige klassane.

3 METODE

Samfunnsvitskapeleg forskingsmetode er framgangsmåtar og teknikkar som kan nyttast for å finna svar på vitskapelege spørsmål eller problemstillingar (Ringdal, 2013, s. 19). Dalland siterer sosiologen Vilhelm Aubert i spørsmålet om kva metode er: ”En metode er en fremgangsmåte, et middel til å løse problemer og komme frem til ny kunnskap. Et hvilket som helst middel som tjener dette formålet, hører med i arsenalet av metoder ” (Dalland, 2012).

3.1 Kvantitativ metode

I samfunnsvitskapen er det tradisjonelt eit skilje mellom kvantitative datainnsamlingsmetodar og kvalitative (Postholm & Jacobsen, 2011, s. 41). Dei kvantitative metodane har ein fordel ved at dei gjev data i form av målbare einingar, som gjer det mogeleg å utføra rekneoperasjonar (Dalland, 2012, s. 112). Ei vanleg form for kvantitativ metode er standardiserte spørjeskjema, som er svært effektive når ein vil spørja mange personar om det same, og dermed får ei brei oversikt over kva mange einingar meiner (Postholm & Jacobsen, 2011, s. 4). Kvantitativ metode søker å få fram det som er felles eller det representative for eit utval, og framstillinga tek sikte på å formidla forklaringar (Dalland, 2012, s. 113).

Til mi forskning nytta eg kvantitativ metode då eg skulle samla inn data. Med problemstillingane **Korleis forstår elevar og lærarar innsats i kroppsøving?** og **Kva dimensjonar meiner elevar og lærarar er viktige når innsats skal vurderast?** ville eg få informasjon om den generelle forståinga til elevane, og korleis dette samsvarer med lærarane dei har i kroppsøving si forståing og Utdanningsdirektoratet si definisjon. For å få eit betre bilete av lærarane si forståing kunne det vore interessant å gjennomføra kvalitative intervju i tillegg til den kvantitative spørjeundersøkinga. Med tanke på tidsbruken og omfanget av oppgåva vart kvantitativ metode mest føremålstenleg. For å kunna seia noko meir generelt om lærarane si forståing burde eg hatt fleire respondentar med i undersøkinga. Men for mi oppgåve var det interessant å berre inkludera lærarane som underviser i dei klassane som deltok, for slik å kunna samanlikna resultata frå kvar klasse og deira lærar.

3.2 Utval

Utvalet for undersøkinga er eit 10. trinn på ein ungdomsskule på Vestlandet. Trinnet tel 66 elevar fordelt på tre klassar. Eg valde 10. trinn då dei har mest erfaring med karakterar, og med å sjå samanhangen mellom karakter og eigeninnsats. I tillegg rekna eg med det var størst sjansje for seriøse og reflekterte svar, - og vidare eit reelt resultat - , ved å velja 10. trinn. Eg leverte óg ut spørjeskjemaet til lærarane som underviser i kroppsøving i dei tre klassane. Utvalet er for lite til at resultata vert representative for andre enn dei sjølve, men lærarane (og eg) kan få eit godt innblikk i kva dei meiner dei har kommunisert til elevane, og om dette samsvarer med elevane si oppfatning.

3.3 Utvikling av spørjeskjema

Spørjeskjemaet tek utgangspunkt i skjema frå Arnesen, Leirhaug og Nilsen (under publisering). Dette spørjeskjemaet er i hovudsak sett saman av likertskalaer der eleven/læraren skal svara på kor mykje dei meiner ulike dimensjonar vert vektlagt ved vurdering av innsats i kroppsøving. Dei ulike dimensjonane er henta frå rundskriv udir-8-2012, der innsats vert omtala, i tillegg til forfattarane sine erfaringar. Eg omforma ordlyden i skjemaet slik at den eine versjonen retta seg mot elev i staden for lærar og forenkla språket i nokre av påstandane, for at elevane lettare skulle forstå innhaldet. Tre spørsmål var direkte retta mot læraryrket og måtte difor takast bort frå elevutgåva, medan eg la til eitt spørsmål om siste karakter i kroppsøving.

3.3.1 Spørsmåla/påstandane i spørjeskjemaet

Spørjeskjemaet til elevane har åtte hovudspørsmål. Lærarskjemaet har ti hovudspørsmål. Spørsmåla har frå to til fem svaralternativ (med unntak av spørsmål 2). Nokre er konkrete ja/nei spørsmål, andre spør mellom anna om vekting av innsats, kjønn og karakter. Utdrag frå spørjeskjema:

1. Har du fått forklart frå læraren din, eller fått ei oversikt over kva læraren ser etter når din innsats i kroppsøving vert vurdert?

Ja Nei

På spørsmål 2 er det 17 dimensjonar som skal rangerast på ein sju-punkts likertskala i høve til kor mykje dimensjonane tel i vurdering av innsats, der 1 er *Tel ikkje* og 7 er *Tel i stor grad*.

2.	Tel ikkje							Tel i stor grad	
	1	2	3	4	5	6	7		
Fysisk anstrengelse, ”tek ut alt”	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>		
Haldning, positivt engasjement	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>		

For heile spørjeskjemaet, sjå vedlegg 4a og 4c.

3.4 Gjennomføring

Undersøkinga vart gjennomført over tre dagar, avhengig av kva som passa for lærarane i dei ulike klassane. Totalt var det 30 gutar og 32 jenter som deltok i undersøkinga. Det var til saman fire (to frå klasse A og to frå klasse B) elevar borte under gjennomføringane. Det vart ikkje notert kven dette var, og dei deltok difor ikkje i undersøkinga. Då dette talet var relativt lågt, vurderte eg det til at det ikkje ville påverka representativiteten til undersøkinga. For å få best mogeleg validitet var eg til stades i klassane under gjennomføringa. Dette for å på førehand kunna forklara om undersøkinga og korleis skjemaet skulle fyllast ut, og for å svara på eventuelle spørsmål undervegs. Svarskjema vart nummererte slik at eg veit kva nummer som høyrer til kvar klasse. Slik kan eg samanlikna resultata frå kvar klasse opp mot svara til den tilhøyrande læraren.

3.4.1 Statistiske analysar

Til framstilling av datamaterialet har eg nytta IBM SPSS til å utføra statistiske analysar, og Microsoft Excel til å presentera dei. Eg har nytta meg av analysane frekvens, gjennomsnitt, standardavvik og t-test. Standardavvik er det mest brukte målet for variabilitet.

Standardavviket fortel kor mykje ein serie verdiar i snitt vik frå serien sitt gjennomsnitt. Det fortel oss, med enklare ord, kva som er standard avvik frå gjennomsnittet (Wenstøp, 2006, s. 204-206). T-test vert nytta for å undersøka om det er skilnad mellom to utval. Det sentrale spørsmålet er om differansen i gjennomsnitt mellom dei to utvala er statistisk signifikant eller ikkje (Johannessen, 2003, s. 119). Signifikansnivået er det maksimale sannsynet for å forkasta ein korrekt nullhypotese. Ein fastsett sjølv signifikansnivået, og det uttrykkjer kor sterkt me

ynskjer å unngå ein slik feil. Jo sterkare ynskje, jo lågare signifikansnivå. Det er vanleg å nytta 5 % (Wenstøp, 2006, s. 151). Sannsynet for å forkasta ein korrekt H_0 vert uttrykt i p-verdiar, og varierer mellom 0 og 1. p-verdiane vert mindre di større differansen er mellom to utval (Johannessen, 2003, s. 119). I mine analysar har eg nytta eit signifikansnivå på 5 %, noko som medfører at resultat med eit signifikansnivå mindre enn 0.005 (5 %) vert sett som statistisk signifikante.

På resultatata frå kvar klasse er det umogeleg å gjennomføra ein t-test då den eine gruppa berre inneheld ein respondent (læraren). Difor har eg valt å tolka resultatata ut ifrå standardavvik. Eg antek at dersom læraren sitt svar ligg to eller fleire standardavvik unna middelveidien til elevane, er det i røynda ein skilnad som er større enn ynskjeleg. Dette vil eg i drøftinga omtala som ”stor skilnad”. Spørsmål 4 på lærarskjemaet (sjå vedlegg 4c) var ikkje relevant for nokon av deltakarane, då alle har notert at dei ikkje underviste i kroppsøving før etter 2012. Difor vert ikkje dette spørsmålet nemnt vidare i oppgåva.

3.4.2 Validitet

Validitet, eller gildskap, går på om me faktisk måler det me ynskjer å måla (Ringdal, 2013, s. 96). Spørjeskjemaet er laga med utgangspunkt i skjema frå Arnesen, Leirhaug og Nilsen (under publisering). Dette styrkar validiteten. Eg var også til stades under gjennomføringa (sjå kapittel 3.4), for å få best mogeleg validitet. Eit usikkert moment er om elevane skjøna oppgåva. Dei kan ha tolka påstandane som faktorar i den totale vurderinga, ikkje berre av innsatsdelen. For å unngå dette poengterte eg for elevane at undersøkinga dreier seg om innsatsomgrepet. Eit moment som er viktig å hugsa er at det lærarane og elevane svarer at dei gjer, ikkje naudsynleg samsvarer med det dei gjer i røynda.

3.4.3 Reliabilitet

Reliabilitet, om undersøkinga er påliteleg, er avhengig av om gjentekne målingar med same måleinstrument gjev same resultat (Ringdal, 2013, s. 96). Eg var sjølv til stades i alle klassane under gjennomføringa. Eg forklarte kort om spørjeskjemaet for å sikra at elevane skjøna oppgåva, og presisterte at dei måtte ha innsats som utgangspunkt då dei svara. Eg ville og vera til stades for å kunna svara på eventuelle spørsmål undervegs.

3.4.4 Etikk

Under førebuingane av oppgåva sende eg brev til rektor ved skulen med førespurnad om å gjennomføra undersøkinga, og der eg fortalde om prosjektet (vedlegg 1). Før spørjeundersøkinga skulle gjennomførast, vart det levert ut informasjonsskriv til både elevane og lærarane (vedlegg 2 og 3). Der vart det presisert at undersøkinga ville vera anonym, at deltakinga var frivillig, og at alle innsamla data ville bli handsama konfidensielt og sletta når eg har levert oppgåva mi. Eg skreiv også at eg sjølv var ansvarleg for undersøkinga og kva oppgåva mi handla om. Under gjennomføringa poengterte eg at det var frivillig for elevane å oppgje siste karakter i kroppsøving.

4 RESULTAT OG DRØFTING

Eg vil i dette kapittelet trekkja fram og drøfta dei mest sentrale funna. Eg vel å drøfta undervegs i kapittelet, då drøftinga er direkte knytt opp mot datamaterialet. Eg vil starta med å presentera og drøfta generelle funn. Vidare vil eg presentera og drøfta lærarresultat, resultat for kvar klasse og klassane sett opp mot kvarandre. Til slutt vil eg presentera og drøfta lærarane og elevane si rangering av innsatsdimensjonar i høve til rundskriv udir-8-2012 sin definisjon av innsats.

4.1 Resultat og drøfting generelle funn

Generelt er elevane samde om kva dimensjonar som er viktige når innsats vert vurdert. Samstundes trur elevane at nesten alle dimensjonane er viktige. Ein mogleg grunn kan vera at mange av dimensjonane hadde elevane ikkje kome på sjølve dersom dei skulle forklara kva innsats er, og difor trur dei ”alle” dimensjonane som er ført opp i spørjeskjemaet må vera viktige. Lærarane har eit noko meir nyansert bilete av situasjonen og rapporterer færre dimensjonar som viktige i vurderinga. Men dei tre lærarane vektlegg ulike dimensjonar i si vurdering av innsats. Dette kan sjåast i samanheng med det Uldalen (2016, s. 75) skriv, om at kroppsøvingfaget har ein vurderingspraksis som ber preg av skjønn og manglar klare vurderingskriterium. Skilnaden mellom elevane og lærarane deira indikerer at innsatsomgrepet kunne vore tydelegare kommunisert til elevane. At lærarane ser færre innsatsdimensjonar som viktige kan forklarast med at dei, gjennom didaktisk kunnskap og kjennskap til føresegner, har betre føresetnadar for å identifisera dimensjonar som heilt tydeleg ikkje skal vera ein del av innsatsvurderinga.

4.1.1 Dimensjonane i ljøs av kjønn

Det er ingen signifikant skilnad ($p < .05$) mellom jenter og gutar si rangering av innsatsdimensjonane. Dette viser at jenter og gutar har omlag same oppfatning av kor mykje dei ulike dimensjonane tel i vurderinga av innsats i kroppsøving. Sjå vedlegg 10a for tabell og 10b for SPSS-utskrift av T-test.

4.1.2 Dimensjonane i ljøs av karakter

Det er berre ved dimensjon nr. 7, ”bidreg til andre si læring”, det er signifikant skilnad mellom korleis elevar med karakter 3 og elevar med karakter 6 har rangert innsatsdimensjonane. Gruppa karakter 6 har rangert denne signifikant høgare enn det gruppa karakter 3 har, med eit snitt på 3.00 ($p = .002$)¹. Dette kan tyda på at elevar som får god karakter i faget har skjønna tydinga av fair play og kva det vil seia å vera ein god partner, og at dette kan vera viktige faktorar for å få ein god karakter. Ein kan og spekulera i om lærarane har signalisert klårare forventingar til den sterke gruppa om å bidra til klassefelleskapet. Elles er det ingen signifikant skilnad i korleis desse to gruppene rangerer dei andre dimensjonane, noko som indikerer at dei har omlag same oppfatning av kor mykje dei resterande dimensjonane tel i vurderinga. Sjå vedlegg 11a for tabell og 11b for SPSS-utskrift av T-test.

¹ Sig. mellom kar. 3 og kar. 6; Kar. 3 ($M=3.00$, $SD=1.309$) og kar. 6 ($M=5.50$, $SD=1.049$); $t(95)=-3.833$, $p=.002$ (2-tailed)

4.2 Resultat og drøfting lærarar

Resultatet viser korleis lærarane har rangert dei ulike innsatsdimensjonane. Dimensjonane er rangert på ein skala frå 1 til 7 der 1 er *Tel ikkje* og 7 er *Tel i stor grad*.

Tabell 1: Lærarrangering av innsatsdimensjonar på ein skala frå 1 – 7.

* syner dei tre (eller fleire dersom fleire dimensjonar har same verdi) rangeringane med høgast verdi hjå kvar lærar.

	Dimensjonar av innsats	Lærar A	Lærar B	Lærar C
1.	Fysisk anstrengelse, ”tek ut alt”	4.00	6.00	7.00*
2.	Holdning, positivt engasjement	7.00*	7.00*	6.00*
3.	”Gjer så godt ein kan”	7.00*	4.00	7.00*
4.	Fokus i læringsarbeid	5.00	7.00*	5.00
5.	Samarbeidsevne	6.00	7.00*	6.00*
6.	Aktivitet utanom kroppsøving/aktiv i fritid	1.00	1.00	1.00
7.	Bidreg til andre si læring	3.00	7.00*	5.00
8.	Jobba mot personlege mål	6.00	7.00*	3.00
9.	Motivasjon for å læra nye ting	7.00*	4.00	5.00
10.	Ikkje gje opp sjølv om oppgåva er uoppnåeleg	5.00	1.00	2.00
11.	Ikkje gje opp sjølv om oppgåva kjennest meiningslaus	2.00	1.00	2.00
12.	Åtferd	5.00	1.00	6.00*
13.	Sjølvstende	5.00	4.00	5.00
14.	Innsats i dei meir teoretiske delane av faget	3.00	3.00	4.00
15.	Oppmøte	6.00	1.00	6.00*
16.	Stille med riktig utstyr	2.00	1.00	6.00*
17.	I god fysisk form	2.00	1.00	2.00

Eg antek at dimensjonar med eit snitt på 5 eller høgare vert sett på som viktige av lærarane. Lærar A ser totalt ti av dimensjonane som viktige delar av innsatsomgrepet, lærar B ser seks som viktige medan lærar C ser elleve som viktige. Lærar B er dermed den læraren som

oppgjev at han/ho vektlegg færrast dimensjonar i innsatsvurderinga. Lærarane er generelt samde om omlag halvparten av dimensjonane, og ikkje samde om like mange. Dette kan tyda på at det ikkje er utarbeida nokon felles vurderingskriterium for innsats på trinnet, og at vurderinga vert gjort utifrå kvar lærar si subjektive forståing av innsats. Dette samsvarer med Øyehaug (2016, s. 75) sine funn om at lærarane baserte si vurdering på eige, fagleg skjønn. Av dimensjonane som har fått dei tre høgaste snittverdiane er det berre ved éin dimensjon lærarane er samde, og det er ”holdning, positivt engasjement”. Å visa positivitet kjem innunder Øyehaug si andre elevtilnærming til innsats. Læromtalane av innsats i Øyehaug si undersøking kunne ikkje sorterast under denne tilnærminga. I høve til positivitet har lærarane i mi undersøking dermed ei innsatsforståing som er mest i tråd med elevane i Øyehaug sitt arbeid.

Der lærarane ikkje er innbyrdes samde vel eg å løfta fram dimensjonane ”bidreg til andre si læring” og ”jobba mot personlege mål” som døme. Lærar A har rangert desse som 3 og 6. Dette tyder på at han/ho meiner det personlege aspektet er viktigare enn det kollektive i innsatsomgrepet. Lærar B har rangert begge som 7. Han/ho meiner dermed at det personlege og det kollektive er like viktig, og at begge desse dimensjonane tel i stor grad i vurderinga av innsats. Lærar C har rangert dimensjonane som 5 og 3. Det kollektive vert dermed sett på som viktigare enn det personlege for han. Desse resultatane er også med på å støtta Øyehaug sine funn om lærarar si subjektive forståing av innsatsomgrepet. I rundskrivet står det at innsats ”innebærer at eleven samarbeider med andre og bidrar til at andre lærer i faget”, medan å jobba mot personlege mål ikkje er nemnt (Utdanningsdirektoratet, 2012). Lærar A måtte ha vektlagt ”bidreg til andre si læring” meir enn å ”jobba mot personlege mål” for å ha ei innsatsforståing som er i tråd med rundskrivet. Dersom å ”jobba mot personlege mål” handlar om progresjon, og dette vert vektlagt i vurderinga, vil det ifølgje Randall og Engelhard (2010) favorisera elevar med låg kompetanse. Dersom det handlar om meistring vil det favorisera elevar med høg kompetanse. Slike subjektive variasjonar gjev læraren makt i vurderingsarbeidet, og medfører at utteljinga av innsatsen for elevane er avhengig av kva læraren vel å vektleggja. Samanfatta er det noko ulikt kva dei tre lærarane vektlegg i vurderinga, og dette syner at dei treng å drøfta innsatsomgrepet seg i mellom, for å ha ein vurderingspraksis som er så lik som mogeleg.

4.2 Resultat og drøfting klassevis

4.2.1 Klasse A

Tabell 2: Elevrangering av innsatsdimensjonar på ein skala frå 1 – 7 med standardavvik. Kolonne tre syner lærar si rangering.

* syner dei tre rangeringane med høgast verdi hjå elevar og lærar.

.. syner dimensjonar der det er stor skilnad mellom elevane og lærar.

	Dimensjonar av innsats	Elevar Snitt	Standard-avvik	Lærar A	Standard-avvik frå elev-snittet
1.	Fysisk anstrengelse, ”tek ut alt”	5.65*	1.565	4.00	1.054
2.	Holdning, positivt engasjement	5.40	1.667	7.00*	.960
3.	”Gjer så godt ein kan”	5.60	1.818	7.00*	.770
4.	Fokus i læringsarbeid	5.50	1.606	5.00	.342
5.	Samarbeidsevne	5.40	1.273	6.00	.471
6.	Aktivitet utanom kroppsøving/aktiv i fritid	2.53	1.712	1.00	.894
7.	Bidreg til andre si læring	4.35	1.565	3.00	.863
8.	Jobba mot personlege mål	4.75	1.733	6.00	.721
9.	Motivasjon for å læra nye ting	5.25	1.618	7.00*	.082
10.	Ikkje gje opp sjølv om oppgåva er uoppnåeleg	5.60	1.142	5.00	.525
11.	Ikkje gje opp sjølv om oppgåva kjennest meiningslaus	5.60	1.188	2.00	3.030..
12.	Åtferd	5.26	1.593	5.00	.163
13.	Sjølvtende	5.20	1.056	5.00	.189
14.	Innsats i dei meir teoretiske delane av faget	4.20	1.322	3.00	.908
15.	Oppmøte	6.10*	1.373	6.00	.073
16.	Stille med riktig utstyr	5.79*	1.084	2.00	3.496..
17.	I god fysisk form	4.00	1.622	2.00	1.233

Resultatet viser korleis elevane i klasse A og lærarane deira har rangert påstandane.

Dimensjonane er rangert på ein skala frå 1 til 7 der 1 er *Tel ikkje* og 7 er *Tel i stor grad*.

Kolonne to viser standardavviket til elevane, sjå vedlegg 7a for deskriptiv SPSS-utskrift. Siste kolonnen viser kor mange standardavvik læraren si rangering ligg unna elevane sitt snitt. Dersom læraren ligg meir enn to standardavvik unna elevane, har eg definert dette som stor skilnad. Differansen vart rekna ut for hand.

I klasse A er der to dimensjonar der det er stor skilnad mellom elevane og læraren. Av desse vel eg å trekkja fram dimensjonen ”stille med riktig utstyr”. Her er elevane sitt snitt 5.79 mot læraren sin 2.0. Det ser då ut for at elevane trur riktig utstyr er ein viktig faktor når innsats skal vurderast, som er noko overraskande. Ei mogeleg forklaring kan vera at dersom lærar etterspør utstyr, som til dømes sko, vert dette tolka av elevane som at det gjer utslag på karakteren at dei ikkje har det. Lærar viser med si rangering at dette ikkje tel (i særleg grad) i innsatsvurderinga. Dette stemmer også overeins med Opplæringslova § 3-3 som seier at tilhøve knytt til orden ikkje skal telja i fagvurderinga. Alle standardavvika er under 2, noko som fortel at elevane sine svar er nokså samla rundt middelverdiane, og dei er dermed relativt samde. Då det er stor skilnad mellom elevane og læraren ved berre to dimensjonar, kan ein seia at elevane si oppfatning av innsats stemmer ganske godt overeins med det læraren har rapportert.

Spørsmål 4, ”vil du sei at dei fleste elevane i din klasse har forstått dette med innsats i kroppøving?” vel eg å drøfta her, då klasse A skil seg noko frå dei to andre. På dette spørsmålet har lærar A og B svara ja, medan lærar C er usikker (sjå vedlegg 4d). Klassevis har 75 % i klasse A, 65 % i klasse B og 63.6 % i klasse C svara nei eller at dei er usikre (sjå vedlegg 7b, 8b og 9b). Totalt meiner $\frac{2}{3}$ av elevane at det er ei uvisse rundt innsatsomgrepet blant medelevane. Ut ifrå dette er det lærar C, som er usikker, sitt inntrykk som er mest røyndomsnært. Klasse A utpeikar seg altså som klassen der det er størst uvisse rundt innsatsomgrepet. Då lærar A har svara ja, indikerer dette at det er større uvisse i klassen enn læraren har oppfatta. Klassen treng ei oppklaring rundt kva læraren meiner med innsats og kva dimensjonar som vert vektlagt i vurderinga. Dette peikar i same retning som Vad (2016, s. 59) sine funn om manglande vurderingskriterium for innsats, og at innsats og tilhøyrande vurdering var noko elevane sjølv måtte ha kontroll på. Vidare skriv Vad at når elevane manglar innsikt i korleis dei vert vurderte, gjev dette læraren større spelerom, og dermed større makt i vurderinga.

Spørsmål 5, ”meiner du det (i hovudsak) er rett at innsats skal være ein del av vurderingsgrunnlaget i kroppsøving?” har alle lærarane svara ja på. Dette er i samsvar med Schoder (2015, s. 48) sine funn i høve til innsats som vurderingskriterium. Rettleiinga til læreplanen stadfestar at innsats som ein del av vurderingsgrunnlaget er viktig for å ivareta faget sitt særmerke, og må ta utgangspunkt i føremålet med faget (Utdanningsdirektoratet, 2015). Majoriteten av elevane har også svara ja på dette spørsmålet. Det er altså i hovudsak semje mellom elevane og lærarane om at innsats bør telja på karakteren. Ein elev i klasse A og ein i klasse C har svara nei, difor vert dette spørsmålet drøfta her. Ei forklaring på dette kan vera at desse to er prinsipielle elevar med ein sterk rettferdssans. Kvifor skal innsats telja i kroppsøving når den ikkje tel i til dømes matematikk?

4.2.2 Klasse B

Resultatet viser korleis elevane i klasse B og lærarane deira har rangert påstandane. Dimensjonane er rangert på ein skala frå 1 til 7 der 1 er *Tel ikkje* og 7 er *Tel i stor grad*. Kolonne to viser standardavviket til elevane, sjå vedlegg 8a for deskriptiv SPSS-utskrift. Siste kolonnen viser kor mange standardavvik læraren si rangering ligg unna elevane sitt snitt. Dersom læraren ligg meir enn to standardavvik unna elevane har eg definert dette som stor skilnad. Differansen vart rekna ut for hand.

Tabell 3: Elevrangering av innsatsdimensjonar på ein skala frå 1 – 7 med standardavvik. Kolonne tre syner lærar si rangering.

* syner dei tre rangeringane (eller fleire dersom fleire dimensjonar har same verdi) med høgast verdi hjå elevar og lærar.

** syner dimensjonar der det er stor skilnad mellom elevane og lærar.

	Dimensjonar av innsats	Elevar Snitt	Standard-avvik	Lærar B	Standard-avvik frå elev-snittet
1.	Fysisk anstrengelse, ”tek ut alt”	5.55	1.356	6.00	.332
2.	Holdning, positivt engasjement	6.60*	.754	7.00*	.531
3.	”Gjer så godt ein kan”	6.40*	.821	4.00	2.923**
4.	Fokus i læringsarbeid	5.79	1.273	7.00*	.951
5.	Samarbeidsevne	6.00	.882	7.00*	1.134
6.	Aktivitet utanom kroppsøving/aktiv i fritid	2.95	2.259	1.00	.863
7.	Bidreg til andre si læring	5.05	1.605	7.00*	1.215
8.	Jobba mot personlege mål	4.90	1.518	7.00*	1.383
9.	Motivasjon for å læra nye ting	6.20	.834	4.00	2.628**
10.	Ikkje gje opp sjølv om oppgåva er uopnåeleg	6.35	.745	1.00	7.181**
11.	Ikkje gje opp sjølv om oppgåva kjennest meningslaus	6.10	1.021	1.00	4.995**
12.	Åtferd	5.90	1.165	1.00	4.296**
13.	Sjølvtende	5.35	1.268	4.00	1.065
14.	Innsats i dei meir teoretiske delane av faget	4.65	1.461	3.00	1.129
15.	Oppmøte	6.37*	1.065	1.00	5.042**
16.	Stille med riktig utstyr	5.79	1.316	1.00	3.640**
17.	I god fysisk form	3.90	2.360	1.00	1.229

Klasse B skil seg frå dei andre to, ved at det er stor skilnad mellom elevane sine og læraren si rangering ved heile sju dimensjonar. Ved alle desse dimensjonane har elevane rangert dei høgare enn det læraren har gjort. Lærar har rangert seks dimensjonar over 5, medan elevane har tretten over 5. Dette kan forklara noko av usemja mellom klassen og læraren. Der det er

stor skilnad vel eg å trekkja fram ”gjer så godt ein kan”, med eit elevsnitt på 6.40 mot læraren sin 4.0. Standardavviket er nokså lite (.821), noko som indikerer at elevane er relativt samde. Ei mogleg forklaring på rangeringa til lærar er at han/ho tek omsyn til kvar elev sitt dugleiksnivå (særleg teknisk). Det kan vera eit problem for til dømes samspel og fair play dersom teknisk svært sterke elevar gjer sitt beste mot svakare elevar. Då er det meir føremålstenleg at dei sterkaste elevane viser omsyn til medelevane sitt dugleiksnivå, og nyttar sine egne dugleikar til å medverka til andre si læring og ”gjera andre gode”. Det står også i eitt av kompetansemåla i LK06 at eleven skal kunna ”praktisere fair play ved å bruke egne ferdigheiter og kunnskapar til å gjere andre gode” (Utdanningsdirektoratet, 2006).

Verdt å nemna er at dimensjonane ”aktivitet utanom kroppsøving/aktiv i fritid” og ”i god fysisk form” har relativt stort standardavvik (> 2.0). Dette viser at elevane ikkje er samde om kor mykje dei trur dette tel i innsatsvurderinga, som igjen indikerer at det er uklart kva forståing elevane har av innsats. Dei relativt store skilnadane mellom klassen og læraren peikar mot at læraren treng å avklara for elevane kva han/ho legg i innsatsomgrepet.

På spørsmål 3, ”det er ingen retningslinjer for kor stor del av karakteren innsats skal utgjere. Kor mange prosent av kroppsøvingskaracteren din utgjer innsatsen trur DU?” har alle lærarane svara 21-40 %. Klasse B utpeikar seg her ved at heile 80 % av klassen trur innsats tel meir enn det lærar oppgjev, altså mellom 41-100 %. I klasse A gjeld dette 75 % og i klasse C er det 76.2 % (sjå vedlegg 7b, 8b og 9b). Totalt vil det seia at over $\frac{3}{4}$ av elevane trur innsatsen tel meir på karakteren enn det lærarane svarer at den gjer. Særleg overraskande er det at 19 elevar har svara at dei trur innsatsen tel 61-80 % og 10 elevar trur innsatsen tel heile 81-100 % av karakteren (sjå vedlegg 4b). Dette tydar på at lærarane bør presisera for elevane sine kor mykje dei let innsatsen telja på kroppsøvingskaracteren. Ein kan også stilla spørsmålet om lærarane vektlegg innsatsen nok, i høve til kva som står i rundskrivet. Dette spørsmålet gjeld også for funna til Lillehammer (2016, s. 62) og Schoder (2015, s. 48), der elevane i hovudsak vart vurderte ut ifrå dugleikar i høve til kompetansemåla, og innsatsen vart brukt til å justera karakteren til elevane opp eller ned. Rundskrivet seier at elevar skal kunna oppnå ein god karakter i faget basert på innsats, trass låg kompetanse og uavhengig av føresetnadar. Det står også at læraren må ha tydelege kjenneteikn på kompetansen og innsatsen som gjev dei ulike karakterane (Utdanningsdirektoratet, 2012). At eleven skal vera kjend med kva som vert vektlagt i vurderinga, er også presisert i Opplæringslova § 3-18 (2006).

4.2.3 Klasse C

Tabell 4: Elevrangering av innsatsdimensjonar på ein skala frå 1 – 7 med standardavvik og tilhøyrande lærar si rangering.

* syner dei tre rangeringane (eller fleire dersom fleire dimensjonar har same verdi) med høgast verdi hjå elevar og lærar.

.. syner dimensjonar der det er stor skilnad mellom elevane og lærar.

	Dimensjonar av innsats	Elevar Snitt	Standard-avvik	Lærar C	Standard-avvik frå elev-snittet
1.	Fysisk anstrengelse, ”tek ut alt”	5.82	1.220	7.00*	.984
2.	Holdning, positivt engasjement	5.77	1.307	6.00*	.230
3.	”Gjer så godt ein kan”	5.86	1.457	7.00*	1.140
4.	Fokus i læringsarbeid	5.36	1.217	5.00	.296
5.	Samarbeidsevne	5.18	1.296	6.00*	.820
6.	Aktivitet utanom kroppsøving/aktiv i fritid	3.00	2.093	1.00	.956
7.	Bidreg til andre si læring	3.82	1.220	5.00	.967
8.	Jobba mot personlege mål	4.82	1.893	3.00	.961
9.	Motivasjon for å læra nye ting	5.55	1.262	5.00	.436
10.	Ikkje gje opp sjølv om oppgåva er uoppnåeleg	6.09*	.971	2.00	4.212 ^{..}
11.	Ikkje gje opp sjølv om oppgåva kjennest meiningslaus	6.00	.926	2.00	4.320 ^{..}
12.	Åtferd	5.59	1.652	6.00*	.248
13.	Sjølvstende	5.09	1.509	5.00	.060
14.	Innsats i dei meir teoretiske delane av faget	4.23	1.572	4.00	.146
15.	Oppmøte	6.36*	1.049	6.00*	.343
16.	Stille med riktig utstyr	6.05*	1.174	6.00*	.043
17.	I god fysisk form	4.14	2.054	2.00	1.042

Resultatet viser korleis elevane i klasse C og læraren deira har rangert påstandane.

Dimensjonane er rangert på ein skala frå 1 til 7 der 1 er *Tel ikkje* og 7 er *Tel i stor grad*.

Kolonne to viser standardavviket til elevane, sjå vedlegg 9a for deskriptiv SPSS-utskrift. Siste

kolonnen viser kor mange standardavvik læraren si rangering ligg unna elevane sitt snitt. Dersom læraren ligg meir enn to standardavvik unna elevane har eg definert dette som stor skilnad. Differansen vart rekna ut for hand.

I klasse C er det berre ved to dimensjonar det er stor skilnad mellom elevsnittet og læraren. Det er dimensjonane ”ikkje gje opp sjølv om oppgåva er uopnåeleg” og ”ikkje gje opp sjølv om oppgåva kjennest meiningslaus”. Den fyrste har eit elevsnitt på 6.09 mot 2.00 og den andre har eit elevsnitt på 6.00 mot lærar sin 2.00. Her har lærar kommentert ”prøver å unngå desse”, noko som kan vera ei forklaring på den låge rangeringa. Elevane si rangering indikerer at ”å ikkje gje opp” uavhengig av oppgåva, er noko dei ser på som viktig. Standardavviket er relativt lågt, noko som viser at elevane er nokså samde om desse dimensjonane. Dimensjonane ”aktivitet utanom kroppøving/aktiv i fritid” og ”i god fysisk form” har eit relativt stort standardavvik (> 2.00) hjå elevane, noko som viser at elevane ikkje er samde om kor mykje dette tel for vurderinga av innsatsen. Dette er igjen ein indikasjon på at det er uvisse rundt kva elevane har oppfatta av det læraren har kommunisert om innsats. Totalt sett er elevane si oppfatning av innsats i tråd med det læraren har rapportert.

På spørsmål 1, ”har du fått forklart frå læraren din, eller fått ei oversikt over kva læraren ser etter når din innsats i kroppøving vert vurdert?” har alle lærarane svara ja. Her skil klasse C seg frå dei andre, og difor vert dette spørsmålet drøfta her. 31.6 % av elevane i klasse C har svara nei på spørsmålet, mot 15.8 % i klasse A og 10 % i klasse B. 47 elevar har også svara ja, medan 11 elevar har svara nei (sjå vedlegg 7b, 8b og 9b). Dette indikerer at omlag $\frac{1}{5}$ av alle elevane ikkje veit kva læraren ser etter når innsatsen deira vert vurdert. Dette peikar mot at det kan vera naudsynt for lærarane med jamne mellomrom å tydeleggjera for elevane sine kva dei legg i innsatsomgrepet, særleg i klasse C. Dette støttar seg til Vad (2016, s. 59) sine funn om at vurderingskriteria for innsats ikkje vart presisert for elevane når dugleikar vert vurdert, men at dei låg meir som eit bakteppe. At vurderingskriterium er viktig vert presisert i rundskrivet som seier at læraren må ha tydelege kjenneteikn på kompetansen og innsatsen som gjev dei ulike karakterane, og kva som vert vurdert ved slutten av vurderinga, i form av standpunktarakter (Utdanningsdirektoratet, 2012). Dette vert stadfesta i Opplæringslova § 3-18, som seier at eleven skal vera kjend med kva som vert vektlagt i vurderinga (2006).

4.3 Resultat og drøfting elevar

Tabell 5: Klassevis rangering av innsatsdimensjonar på ein skala frå 1 – 7 og samla snitt.

* syner dei tre rangeringane med høgast verdi hjå elevane.

	Dimensjonar av innsats	Klasse A	Klasse B	Klasse C	Samla snitt
1.	Fysisk anstrengelse, ”tek ut alt”	5.65*	5.55	5.82	5.68
2.	Holdning, positivt engasjement	5.40	6.60*	5.77	5.92
3.	”Gjer så godt ein kan”	5.60	6.40*	5.86	5.95*
4.	Fokus i læringsarbeid	5.50	5.79	5.36	5.54
5.	Samarbeidsevne	5.40	6.00	5.18	5.51
6.	Aktivitet utanom kroppsøving/aktiv i fritid	2.53	2.95	3.00	2.84
7.	Bidreg til andre si læring	4.35	5.05	3.82	4.39
8.	Jobba mot personlege mål	4.75	4.90	4.82	4.82
9.	Motivasjon for å læra nye ting	5.25	6.20	5.55	5.66
10.	Ikkje gje opp sjølv om oppgåva er uoppnåeleg	5.60	6.35	6.09*	6.02*
11.	Ikkje gje opp sjølv om oppgåva kjennest meningslaus	5.60	6.10	6.00	5.90
12.	Åtferd	5.26	5.90	5.59	5.59
13.	Sjølvtende	5.20	5.35	5.09	5.21
14.	Innsats i dei meir teoretiske delane av faget	4.20	4.65	4.23	4.35
15.	Oppmøte	6.10*	6.37*	6.36*	6.28*
16.	Stille med riktig utstyr	5.79*	5.79	6.05*	5.88
17.	I god fysisk form	4.00	3.90	4.14	4.02

Resultatet viser korleis elevane har rangert dimensjonane. Dimensjonane er rangert på ein skala frå 1 til 7 der 1 er *Tel ikkje* og 7 er *Tel i stor grad*. Siste kolonnen viser samla elevsnitt for alle tre klassane.

* markerer kva tre dimensjonar som har blitt rangert høgast. Sjå vedlegg 6, 8a, 9a og 10a for deskriptiv SPSS-utskrift.

Generelt sett er klassane relativt samde om kva dimensjonar som er viktige når innsats vert vurdert. Alle tre klassane er samde om at ”oppmøte” er viktig, då denne er ein av dei tre med høgast snitt hjå alle. Alle dimensjonane utanom éin har eit samla snitt på 4 eller meir, noko som viser at elevane trur så godt som alle dimensjonane tel frå ei viss til stor grad når innsats vert vurdert. ”Aktivitet utanom kroppsøving/aktiv på fritid” er den einaste dimensjonen med eit samla snitt under 4 (2.84). Klasse B har rangert to av dimensjonane 1+ høgare enn ein av dei andre klassane. ”Holdning, positivt engasjement” har klasse B rangert høgast, med 6.60, mot klasse A som har rangert denne lågast, med 5.40 (differanse = 1.2). Lærarane i desse klassane har begge rangert dimensjonen som 7. Dette viser at elevane, og særskild klasse A, har si oppfatning om denne dimensjonen uavhengig av kva læraren rapporterer. ”Bidreg til andre si læring” har klasse B rangert høgast med 5.05, mot klasse C som har rangert den lågast med 3.82 (differanse = 1.23). Lærar i klasse B har rangert denne som 7 og lærar C som 5. Her er det samsvar, med at både klasse og lærar B har rangert denne høgare enn klasse og lærar C. Men klassane si rangering ligg godt under det lærarane rapporterer. Dermed ser det også her ut for at elevane har si uavhengige oppfatning av det å bidra til andre si læring, då dei ser det som mindre viktig enn det lærarane oppgjev. Skilnadane mellom klassane og lærarane ved desse to dimensjonane er med på å underbyggja påstanden om at kommunikasjonen i høve innsats frå lærarane til sine klassar verkar å vera mangelfull, eller at den bør repeterast oftare. Sett under eitt indikerer resultatane mine at klassane verkar å ha ei felles forståing av kva innsats i kroppsøving er, i større grad enn lærarane har. Men det bør poengterast at elevane meiner nesten alt er viktig når innsats skal vurderast, noko som også er eit teikn på manglande kommunikasjon frå lærarane si side.

4.4 Resultat og drøfting av dimensjonar som følgjer rundskriv 08-1-2012

Med utgangspunkt i definisjonen av innsats i rundskrivet har eg tolka desse dimensjonane til å følgja rundskrivet. Resultatet viser snittet på dimensjonane i klasse A, B og C og rangeringa til lærarane deira. Dimensjonane er rangert på ein skala frå 1 til 7 der 1 er *Tel ikkje* og 7 er *Tel i stor grad*.

Tabell 6: Klassevis rangering av innsatsdimensjonar på ein skala frå 1 – 7 med tilhøyrande lærarar si rangering.

	Dimensjonar av innsats	Klasse A	Klasse B	Klasse C	Lærar A	Lærar B	Lærar C
1.	Fysisk anstrengelse, ”tek ut alt”	5.65	5.55	5.82	4.00	6.00	7.00
3.	”Gjer så godt ein kan”	5.60	6.40	5.86	7.00	4.00	7.00
5.	Samarbeidsevne	5.40	6.00	5.18	6.00	7.00	6.00
7.	Bidreg til andre si læring	4.35	5.05	3.82	3.00	7.00	5.00
10.	Ikkje gje opp sjølv om oppgåva er uoppnåeleg	5.60	6.35	6.09	5.00	1.00	2.00
11.	Ikkje gje opp sjølv om oppgåva kjennest meiningslaus	5.60	6.10	6.00	2.00	1.00	2.00
13.	Sjølvstende	5.20	5.35	5.09	5.00	4.00	5.00

Eg antek at dimensjonar med eit snitt på 5 eller høgare vert sett på som viktige av elevane/lærarane. Lærar C er den som ser flest av desse dimensjonane som viktige, med fem av sju. Totalt ser lærar A fire av desse som viktige og lærar B ser tre som viktige. Ved dimensjonane ”ikkje gje opp sjølv om oppgåva er uoppnåeleg” og ”ikkje gje opp sjølv om oppgåva kjennest meiningslaus” er det stor skilnad mellom klassane og lærarane deira. ”Meiningslaus” og ”uoppnåeleg” ser eg som spissformuleringar. Men rundskrivet sin ordlyd ”...eleven prøver å løse faglige utfordringer etter beste evne uten å gi opp” og ”det skal ha innvirkning på karakteren at eleven fortsetter å øve også når det ikke gir resultatet i prestasjon eller ferdighetsutvikling” tolkar eg til å ha same tyding som desse dimensjonane. Av alle klassane har begge dimensjonane blitt rangert som 5 eller høgare, medan lærarane ligg på 2 eller lågare (med unntak av éin). Altså er det elevane som følgjer rundskrivet her. To av lærarane har notert at dei prøver å unngå denne typen oppgåver. Det kan sjå ut som at lærarane fokuserer meir på orda ”uoppnåeleg” og ”meiningslaus” enn det å ”ikkje gje opp”. Hjø elevane verkar det å vera motsett, der dei meiner det å ”ikkje gje opp” er viktig, uavhengig av oppgåva. Dette samsvarer med lærarane i Vad (2016, s. 55) si undersøking, der det var semje om at innsats var mellom anna å ”ikkje gje seg”. Ein kan spekulera i om lærarane i mi undersøking hadde rangert desse dimensjonane høgare dersom orda ”meiningslaus” og ”uoppnåeleg” ikkje var tekne med.

Dersom lærar A si forståing av innsats skal vera i tråd med rundskrivet burde ”bidreg til andre si læring” vore rangert høgare. Det står spesifikt i definisjonen i rundskrivet at innsats i kroppsøving ”innebærer at eleven samarbeider med andre og bidrar til at andre lærer i faget” (Utdanningsdirektoratet, 2012).

4.5 Resultat og drøfting av dimensjonar som bryt med rundskriv udir-8-2012

Med utgangspunkt i rundskrivet sin definisjonen av innsats har eg tolka følgjande dimensjonar til å bryta med rundskrivet. Resultatet viser snittet på dimensjonane i klasse A, B og C og rangeringa til lærarane deira. Dimensjonane er rangert på ein skala frå 1 til 7 der 1 er *Tel ikkje* og 7 er *Tel i stor grad*.

Tabell 7: Klassevis rangering av innsatsdimensjonar på ein skala frå 1 – 7 med tilhøyrande lærar si rangering.

	Dimensjonar av innsats	Klasse A	Klasse B	Klasse C	Lærar A	Lærar B	Lærar C
2.	Holdning, positivt engasjement	5.40	6.60	5.77	7.00	7.00	6.00
4.	Fokus i læringsarbeid	5.50	5.79	5.36	5.00	7.00	5.00
6.	Aktivitet utanom kroppsøving/aktiv i fritid	2.53	2.95	3.00	1.00	1.00	1.00
8.	Jobba mot personlege mål	4.75	4.90	4.82	6.00	7.00	3.00
9.	Motivasjon for å læra nye ting	5.25	6.20	5.55	7.00	4.00	5.00
12.	Åtferd	5.26	5.90	5.59	5.00	1.00	6.00
14.	Innsats i dei meir teoretiske delane av faget	4.20	4.65	4.23	3.00	3.00	4.00
15.	Oppmøte	6.10	6.37	6.36	6.00	1.00	6.00
16.	Stille med riktig utstyr	5.79	5.79	6.05	2.00	1.00	6.00
17.	I god fysisk form	4.00	3.90	4.14	2.00	1.00	2.00

Eg antek at dimensjonar med eit snitt på 5 eller høgare vert sett på som viktige av elevane/lærarane. ”Holdning, positivt engasjement” og ”fokus i læringsarbeid” er positive

eigenskapar, men dei vel eg å sjå som meir overordna dimensjonar. Då rundskrivet ikkje nemner noko spesifikt i dette, har eg valt å ta dei med under dette kapittelet. Dimensjonane nr. 12, 15 og 16, som omhandlar orden og åtferd, skal ikkje vera ein del av vurderinga i fag, jamfør Opplæringslova § 3-3. Lærar A ser seks av dimensjonane over som viktige i vurderinga, lærar B ser tre av dei som viktige, medan lærar C også ser seks som viktige. Det er dermed lærar B si oppfatning av innsats som bryt minst med rundskrivet sin definisjon. Eg vel å drøfta resultatane på dimensjonane ”åtferd” og ”oppmøte”, då dette er to av dimensjonane lærarane ikkje er samde om. ”Åtferd” har blitt rangert av lærarane som 5, 1 og 6. ”Oppmøte” har blitt rangert som 6, 1 og 6. At desse to har blitt rangert såpass høgt av to av lærarane er noko overraskande, då åtferd ikkje skal telja i fagvurderinga (§ 3-3). Lærar B stadfestar med si rangering at åtferd og oppmøte ikkje tel i hans/hennar vurdering av innsats, medan dei to andre svarar at desse vert vektlagt i noko grad. Ein av desse lærarane har forklart rangeringa med å kommentera at dersom åtferda er dårleg påverkar det læringa både for eleven sjølv og for medelevar. Dette kan ein sjå i samanheng med kompetansemålet i LK06 som seier at eleven skal kunna ”praktisere fair play ved å bruke eigne ferdigheiter og kunnskapar til å gjere andre gode” (Utdanningsdirektoratet, 2006). Korleis skil ein mellom åtferd og fair play? Korleis ser læraren kva som er kva? Å identifisera skilnaden på desse to kan vera ei utfordring, og ei mogeleg forklaring på kvifor to av lærarane har rangert åtferd høgt. Dette støttar seg til utfordringa Uldalen (2016, s. 18-19) trekkjer fram i høve til innsats som del av vurderingsgrunnlaget, og grensa mellom det Opplæringslova (§ 3-5) seier om karakter i orden og åtferd på den eine sida og innsats som del av fagvurderinga på den andre. Klassane er samstemte om desse dimensjonane. I alle klassane har ”åtferd” blitt rangert innan for 5-talet og ”oppmøte” innanfor 6-talet. Dei ser altså dette som relativt viktig. Årsaka til den høge rangeringa frå elevane kan vera at dei ikkje er klar over at åtferd og oppmøte ikkje skal vera ein del av karaktergrunnlaget i kroppsøving, men tel på åtferdskarakteren. Her kan det vera ein samanheng med det Vad (2016, s. 59) skriv om manglande elevinnsikt og den konstante vurderingssituasjonen elevane er i, som gjer at dei til ei kvar tid må disiplinera seg sjølve. Ein generell spekulasjon kan vera om lærarar som vektlegg desse dimensjonane har sitt eige ”maktregime”. Ved å utelata ei presisering for elevane om at oppmøte og åtferd ikkje er ein del av fagvurderinga ”sikrar” læraren seg at elevane møter opp, og har best mogeleg åtferd i kroppsøvingstiane. Denne spekulasjonen støttar seg til Vad som skriv at uklære/fråverande vurderingskriter gjev læraren større makt i vurderinga.

5 OPPSUMMERING OG KONKLUSJON

I grove trekk kan dei presenterte resultata samanfattast slik: Det er stor semje blant elevar og lærarar om at innsats skal vera ein del av vurderingsgrunnlaget i kroppsøving. I høve til innsatsdimensjonane er lærarane samde om omlag halvparten av dei. Noko overraskande er dei tre klassane relativt samde om alle dimensjonane. Denne skilnaden mellom elevane og lærarane deira er ein indikasjon på at det lærarane legg i innsatsomgrepet bør kommuniserast tydelegare til elevane. Lærarresultata viser ei varierende forståing, og ei delvis høg vektlegging av dimensjonar som ikkje følgjer rundskrivet. Dette indikerer at lærarane oppfattar innsats ulikt i høve til kvarandre, noko som kan føra til ulik vurderingspraksis i dei forskjellige klassane. Av lærarane har lærar B ei innsatsforståing som er mest i tråd med rundskriv udir-8-2012, fyrst og fremst ved at han/ho rapporterer å ikkje vektlegga dimensjonar knytt til orden og åtferd.

Eit interessant funn er kor mykje elevane trur innsats tel på kroppsøvingsskarakteren. Meir enn $\frac{3}{4}$ av elevane trur innsatsen tel mellom 41-100 % av karakteren. Lærarane har alle svara at innsatsen tel 21-40 % av karakteren. Rundskrivet seier:

”Ved å gjøre innsats til en del av grunnlaget for vurdering, i tråd med formålet med faget, kan elever ha mulighet til å oppnå en god karakter i faget til tross for lav kompetanse og med forutsetninger som gjør det vanskelig å ha høy måloppnåelse” (Utdanningsdirektoratet, 2012).

Dette, saman med formuleringa i rundskriv udir-1-2010 som nemner ”god karakter” i samband med karakterane 5 og 6 (Utdanningsdirektoratet, 2010), kan indikera at innsatsen ikkje vert vektlagd i tilstrekkeleg grad dersom eleven skal kunna oppnå ein god karakter på grunnlag av innsats.

Klassevis skil klasse A seg ut ved at det er minst tryggleik rundt innsatsomgrepet. 75 % av elevane har svara nei eller er usikre på om medelevane har skjønna dette med innsats. $\frac{2}{3}$ av alle elevane er usikre eller svarer nei på om medelevane har skjønna kva innsats i kroppsøving er. Ein av lærarane er også usikker, medan dei andre to trur elevane har skjønna kva innsats i kroppsøving inneber. Tryggleiken rundt innsatsomgrepet ser ut til å vera mindre enn det lærarane er klar over. Klasse B skil seg ut ved at dei har ei innsatsforståing som bryt mest med læraren si, med sju dimensjonar der det er stor skilnad mellom elevsnitt og læraren si

rangering. Dei andre klassane har stor skilnad ved to dimensjonar. Lærar i klasse B er den som vektlegg færrest dimensjonar i si vurdering av innsats, med seks dimensjonar rangerte over 5. Dette kan forklara noko av usemja med klassen, då dei har rangert tretten dimensjonar over 5. Klasse C, med 31.6 %, er den klassen der flest elevar oppgjev at dei ikkje har fått forklart eller konkretisert kva læraren ser etter i innsatsvurderinga.

For å svara på problemstillinga **Korleis forstår elevar og lærarane deira innsats i kroppsøving?** og **Kva dimensjonar meiner elevar på 10. steg og lærarane deira er viktige når innsats skal vurderast?** vel eg å trekkja fram dei tre dimensjonane som har høgast snitt hjå elevane, med snittverdi i parentes. Elevane trur ”oppmøte” (6.28), ”ikkje gje opp sjølv om oppgåva er uopnåeleg” (6.02) og ”gjer så godt ein kan” (5.95) tel mest i vurderinga av innsats. Det kan leggjast til at elevane trur nesten alle dimensjonane er viktige når innsatsen deira vert vurdert. Av dei tre dimensjonane lærarane har rangert høgast er dei berre samde om éin, ”holdning, positivt engasjement”. Eg konkluderer då med at lærarane ikkje har ei felles forståing av innsatsomgrepet. Dei har ei subjektiv forståing som delvis følgjer rundskrivet, men som også til tider bryt både med rundskrivet og formuleringar i Opplæringslova (§ 3-3). Dei er særleg usamde om vektlegging av ”åtferd”, ”oppmøte” og ”stiller med riktig utstyr”, men også om kva som er viktigast av å ”bidra til andre si læring” eller å ”jobba mot personlege mål”.

For å minimera variasjonen i vurderingspraksisen, og for å sikra at dimensjonar som bryt med Opplæringslova ikkje vert vektlagde, kan lærarane med føremon ha ein felles gjennomgang av rundskriv udir-8-2012. Då klassane har ei innsatsforståing som er ulik den læraren deira har, syner dette at det læraren legg vekt på i vurderinga av innsats kan kommuniserast tydelegare til elevane.

KJELDER

- Arnesen, T., Nilsen, A.-K., & Leirhaug, P. (2013). *"Den læreplanen som ikkje kan tilpassast mi undervisning, finst ikkje": Vurdering og undervisning i kroppsøving etter Kunnskapsløftet. FoU i praksis, 7(3).*
- Brattenborg, S., & Engebretsen, B. (2013). *Innføring i kroppsøvingsdidaktikk* (3. utg.). Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Creswell, J. W., & Plano Clark, V. L. (2011). *Designing and Conducting Mixed Methods Research* (2. utg.). Thousand Oaks, California: SAGE Publications Inc.
- Dalland, O. (2012). *Metode og oppgaveskriving* (5. utg.). Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Forskrift til Opplæringslova (2006). Henta 01. april 2017 frå <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2006-06-23-724>
- Imsen, G. (2009). *Lærerenes verden: Innføring i generell didaktikk* (4. utg.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Johannessen, A. (2003). *Introduksjon til SPSS Versjon 14,15 og 16* (3. utg.). Oslo: Abstrakt forlag.
- Leirhaug, P. E. (2013). Hvorfor innsats i kroppsøving? *Kroppsøving, 63(3).*
- Leirhaug, P. E. (2016). Når profesjonaliteten møter seg selv i døra: En historie om innsats, kompetanse og vurdering i kroppsøving. I Grindheim, L., Krüger, T., Leirhaug, P., & Wilson, D. *Lærerprofesjonalitet i utdanningspraksiser*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Lillehammer, I. (2016). *"Det er urettferdig å vurdere elefanter og apekatter ut fra hvor gode de er til å klatre i trær"*. (Masteroppgåve, Universitetet i Stavanger). Henta frå <https://brage.bibsys.no/xmlui/handle/11250/2404479>
- LK06 (2006). *Læreplan i kroppsøving: KRO1-04*. Henta 01. april 2017 frå <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/finnlareplan/lareplan/?kode=KRO1-04>
- Næss, O. E., & Aasland, M. J. (2013). *Hva innsatsbegrepet har hatt å si for læreres vurderingspraksis i kroppsøving. Ble det gjort endringer i vurderingspraksisen underveis gjennom perioden med Kunnskapsløftet?* (Masteroppgåve, Universitetet i Oslo). Henta frå <https://www.duo.uio.no/handle/10852/40753>
- Pallant, J. (2016). *SPSS Survival Manual* (6. utg.). Berkshire: Open University Press.

- Postholm, M., & Jacobsen, D. (2011). *Læreren med forskerblikk: Innføring i vitenskapelig metode for lærerstudenter*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Randall, J., & Engelhard, G. (2010). Examining the grading practices of teachers. *Teaching and Teacher Education: An International Journal of Research and Studies*, 26(7).
- Ringdal, K. (2013). *Enhet og mangfold: Samfunnsvitenskapelig forskning og kvantitativ metode* (3. utg.). Bergen: Fagbokforlaget.
- Schoder, D. M. (2015). "Og så er det disse formelle kravene alt skal settes inn i og måles opp mot". (Masteroppgåve, Universitetet i Agder). Henta frå <https://brage.bibsys.no/xmlui/handle/11250/300665>
- Turøy, I. (2012) Nye vurderingskriterier i kroppsøving fra 2012: Hvordan kan vurderingen praktiseres? *Kroppsøving* 62(6)
- Uldalen, I. (2016). *Fått som fortjent? Læreres setting av standpunkt karakter i kroppsøving faget i videregående skole når innsats er en del av vurderingsgrunnlaget*. (Masteroppgåve, Norges Idrettshøgskole). Henta frå <https://brage.bibsys.no/xmlui/handle/11250/2400952>
- Utdanningsdirektoratet. (2012). *Endringer i faget kroppsøving* (Rundskriv Udir-8-2012). Henta frå <https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/finn-regelverk/etter-tema/Innhold-i-opplaringen/Udir-8-2012/>
- Utdanningsdirektoratet. (2010). *Individuell vurdering i grunnskolen og videregående opplæring etter forskrift til opplæringsloven kapittel 3* (Rundskriv Udir-1-2010). Henta frå http://www.fos-sunnh.no/media/Eksamen/Udir_1_2010_Individuell_vurdering_i_grunnskolen_og_videregaende_opplaring.pdf
- Utdanningsdirektoratet. (2015). *Kroppsøving - veiledning til læreplan*. Henta frå <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/veiledning-til-lp/kroppsoving-veiledning/>
- Vad, A. M. M. (2016). *Innsats og makt: En studie om kroppsøvingslæreres forståelse og anvendelser av innsats og makt*. (Masteroppgåve, Norges idrettshøgskole). Henta frå <https://brage.bibsys.no/xmlui/handle/11250/2400959>
- Vinje, E. E. & Brattenborg, S. (2016). Vurdering i kroppsøving faget: Gamle og nye utfordringer. I E. E. Vinje (Red.), *Kroppsøving didaktiske utfordringer* Oslo: Cappelen Damm.
- Wenstøp, F. (2006). *Statistikk og dataanalyse* (9. utg.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Øyehaug, H. K. (2016). "Innsats" i kroppsøving i ungdomsskolen: Ei kvalitativ intervjustudie av eit utval elever og lærarar om innsatsforskrifta i kroppsøving. (Masteroppgåve,

Norges idrettshøgskole). Henta frå
<https://brage.bibsys.no/xmlui/handle/11250/2402415>

VEDLEGG

Vedlegg 1: Informasjonsskriv til rektor

Signe Øvregård
Osahaugen 22
5414 Stord
Grunnskulelærerstudent 5-10
Høgskulen på Vestlandet

Stord, 18. jan -17

Rektor X X X

xxx

xxx

Førespurnad om deltaking på spørjeundersøking

Eg er tredjeårsstudent på lærarutdanninga ved Høgskulen på Vestlandet og jobbar for tida med ei bacheloroppgåve i pedagogikk og elevkunnskap med fordjuping i kroppsøving. Difor sender eg ein førespurnad om å få gjennomføra ei spørjeundersøking blant elevane på 10. trinn og lærarane som underviser i kroppsøving i desse klassane ved din skule.

Denne undersøkinga tek utgangspunkt i innsats i kroppsøving. Eg vil undersøka kva forståing elevane har av omgrepet, og korleis dei trur det påverkar karakteren. Eg vil og gjennomføra undersøkinga på nokre kroppsøvingslærarar for å sjå om forståinga av omgrepet samsvarer. Eg vil be elevar/lærarar kryssa av på eit spørjeskjema der dei skal vurdera ulike påstandar på ein skala frå 1 – 7.

Det vil ta omtrent ti minutt å delta på undersøkinga. Det er frivillig å delta.

Datamaterialet eg innhentar i undersøkinga kjem berre til å bli brukt i bacheloroppgåva mi der eg vil analysera funna og samanlikna resultatata med anna forskning på området og pedagogisk/fagdidaktisk teori.

Eg er gjennom høgskulen underlagt teieplikta og all informasjon som blir samla inn vil handsamast konfidensielt og anonymt, og vil bli makulert etter at materialet er analysert og oppgåva er levert.

Dersom du lurer på noko, ta kontakt på telefon eller mail.

Med vennleg helsing

Signe Øvregård
signeovregard@hotmail.com
Tlf. 91364907

Vedlegg 2: Informasjonsskriv til føresette

Informasjon til føresette

Eg er ein student som går 3. året på grunnskulelærerutdanninga på Høgskulen på Vestlandet, Rommetveit.

I veke 6 til 8 skal eg vera i praksis på xxx skule.

Dette semesteret skal eg skriva ei bacheloroppgåve i pedagogikk, der eg skal fokusera på innsats i kroppsøvfingsfaget.

Tema for oppgåva er elevar si forståing av innsats i kroppsøving og i kva grad dei trur innsats påverkar karakteren.

Eg vil i løpet av februar -17 (veke 6-8) nytta eit spørjeskjema for å få inn data til undersøkinga. Alle data vert handsama konfidensielt, inga namn eller kjenneteikn på elevane vil verta brukt.

Dette er frivillig, og dersom ein ikkje vil ha bernet sitt med på dette, ta kontakt med kontaktlærer.

Ta kontakt med underteikna dersom de ynskjer meir informasjon om undersøkinga.

Med venleg helsing

Signe Øvregård
signeovregard@hotmail.com
Tlf. 91364907

Vedlegg 3: Infoskriv/samtykkeerklæring lærar

Signe Øvregård
Osahaugen 22
5414 Stord

02. feb. 2017

Infoskriv/samtykkeerklæring i samband med spørjeundersøking knytt til bacheloroppgåve

Eg er tredjeårsstudent på lærarutdanninga ved Høgskulen på Vestlandet og jobbar for tida med ei bacheloroppgåve i pedagogikk og elevkunnskap med fordjuping i kroppsøving. Eg ynskjer å gjennomføra ei spørjeundersøking blant elevane på 10. trinn og lærarane som underviser i kroppsøving i desse klassane.

Denne undersøkinga tek utgangspunkt i innsats i kroppsøving. Eg vil undersøka kva forståing elevane har av omgrepet, og korleis dei trur det påverkar karakteren. Eg ynskjer og å gjennomføra undersøkinga på kroppsøvingslærarane for å sjå om forståinga av omgrepet samsvarer. Undersøkinga er eit spørjeskjema der ein skal vurdera ulike påstandar og kryssa av på ein skala frå 1 – 7.

Det vil ta omtrent ti minutt å delta på undersøkinga. Det er frivillig å delta.

